

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.01. 2016
SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow
SAKA GJELD: **Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2016**

ARKIVSAK: 2015/2358
STYRESAK: **008/16**

STYREMØTE: **10.02. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek oppdragsdokumentet for 2016 til etterretning.

Oppsummering

Tysdag 12. januar 2016 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sine styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsrådens «sjukehustale».

Fakta

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2016. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene og måla som er gitt, og dei ressursane som blir stilt til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

I 2016 er strukturen på oppdragsdokumentet endra. Oppdraget er samla i tre overordna mål, med tilhøyrande *mål* og *andre oppgåver* for 2016, for all aktivitet ved sjukehusa. Dei tre hovudmåla er:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasientsikkerhet

Kommentarar

Statsråden sin «sjukehustale» blei gjennomført i forkant av felles føretaksmøte for dei fire regionale helseføretaka der oppdragsdokumentet for 2016 også blei overlevert.

I år, som i fjor, er statsråden opptatt av å skape pasienten si helseteneste, der pasienten skal vere ein aktiv og likeverdig deltakar i denne utviklinga. Høie seier vidare at 2016 vil vere eit «*handlingens år*», der alle stortingsmeldingar, strategiar og planar frå 2014/2015 skal følgjast opp.

Høie peiker på at samfunnet står overfor store utfordringar særleg knytt til befolkningsutviklinga og bemanningsbehov, noko som krev nytenking, evne og vilje til omstilling og tydelege prioriteringar. Statsråden er opptatt av at kommunar og sjukehus skal «*henge saman*» i arbeidet med å fornye og forbetre helsetenestene, og nemner fem verktøy som skal nyttast av både partar i dette arbeidet:

- Leiing – snu holdningar og endre kulturar
- Kompetanse – utdanning av rett personell med rett kompetanse
- Kvalitet – styringsindikator

- IKT
- Team – ingen skal vere seg sjølv nok. Arbeid og leiing i team både i sjukehus og kommunar

Statsråden vidareførte i talen dei seks satsingsområde frå 2015:

1. Innføre fritt behandlingsval. Ventetida skal ned, og kvaliteten skal opp.
2. Prioritere rusfeltet og psykisk helse.
3. Sørgje for raskare diagnose og redusert ventetid for kreftpasientar.
4. Følgje opp Nasjonal helse- og sjukehusplan for framtidens behov.
5. Skape betre kvalitet og pasienttryggleik , med særleg fokus på variasjon, ugrunna variasjon og skilnadar i behandlingspraksis.
6. IKT og kommunikasjon – spelar ei nøkkelrolle i å skape pasientane si helseteneste.

Til slutt i sjukehusstalen peiker Høie på at i ein sektor der nær åtti prosent av dei tilsette er kvinner, så er det ein slåande underrepresentasjon av kvinnelege (topp)leiarar. Statsråden krev difor at helseregionane må bidra til å rekruttere og utvikle kvinnelege leiarar, spesielt til toppleiarstillingar.

Dei mål som er satt i oppdragsdokumentet for 2016 vil bli vidareformidla til helseføretaka i styringsdokumenta for 2016, som vil bli lagt fram for styret den 29. februar 2016. I tillegg vil hovudbodskapen frå statsråden sin sjukehusstale blir innarbeidd i dokumenta.

Vedlegg:

- 1 Oppdragsdokument 2016 til Helse Vest RHF
- 2 Sjukehusstalen 2016